

Årsmelding, Kyrkjevika Hyttelag 2020.

Styret.

Styret konstituerte seg slik:

Torill Tverberg	leiar	vald for 1 år
Bjarte Hellevang	kassastyrar	vald for 2 år
Lars Torpe	skrivar	vald for 2 år
Tormod Lunestad	styrelem	vald for 1 år (attval)
Ingunn Melstveit	styrelem	vald for 1 år
Aage Melstveit	vara	vald for 2 år

Revisorar: Arild Sandven og Frode Melstveit

Valnemnd: Alf Ekaas Sandven og Endre Flotve

Arbeid gjennom året

Styret har hatt 6 møter i 2020 - 2021. Ettersom store deler av samfunnet stengde ned då årsmøtet vart halde, vart konstitueringsmøtet 26. mars det første elektroniske møte. Lite visste me då om at dette kom til å vara gjennom heile perioden.

Heile det sitjande styret seier i år frå seg styregodtgjeringa. Grunna den spesielle situasjonen har styret ikkje har hatt køyring eller andre slike utgifter som godtgjersla skal dekkja. Dette treng ikkje å gi føringar i høve til kva komande styre vil gjera.

Skutertrasé / sti med bruer frå Hamlagrøosen

Forslag frå Arild Rykkje per e-post om å leggja inn ei målsetting om løysing for terrengsykkel, vart nedstemt. Styret meiner det viktige er å få til vinterløypa for skuter. Saka var oppe på kvart møte og det har gjennom året vore samarbeid med både Rykkje Grunneigarlag (RG) og Øystese Raude Kors Hjelpekorps (ØRKH) om saka.

Gjennom vinteren vart fleire alternativ, særleg for elvekryssing ved Lomatjørn, vurderte. Isen, både på Hamlagrøvatnet og på Lomatjørn var dårleg gjennom heile vinteren, så dei som fekk lov til å nytta hyttene sine gjennom vinteren, måtte nytta ruta langs vatnet og fekk ikkje skuter framom Lomatjørn. Grunna Kvam Herad sine smittevernreglar var dette berre folk heimehøyrande i Kvam.

13. juni var det synfaring der og ØRKH var til stades med Rune Øyri og to andre røynde skuterførarar. Frå KH møtte Leif Nygård, Harald Linga og Torill Tverberg.

Her kom det fram at ny bru som kan nyttast om vinteren, på same stad som i dag, truleg ikkje vil la seg gjera. Den vil bli for høg og/eller bratt. Derimot bør det arbeidast vidare med å få lagt ei bru over ei smal graveelv mellom Lomatjørn og fossen ovanfor. Det vil gjera det mogeleg å køyra skuter på den stille og istrygge austsida av tjørna.

Torill tok opp resultatet av synfaringa med RG ved Alf Storaas med tanke på at dei kunne gå til BKK og be om midlar til bru og sti. Arbeidet stogga då Alf så brått og tragisk gjekk bort under sauesankinga i haust. RG valde etter kvart ny leiar, Kjetil Berge, men saka vart ikkje teken opp at hjå dei før i februar 2021.

Styret har og sett på ulike former for refleks med tanke på å fornya merkinga av løypa. Tormod har laga prototypar som må testast i hardt ver.

Program for året

Planlagt program for året, med m.a. tradisjonelt påskerenn, vart avlyst grunna heradet sine smittevernpålegg. Heldigvis vart det sosial olsoksamling ved orfallet frå Blåkollvatnet 25. juli.

Helikoptertransport

Helikoptertransport vart gjennomført 27. juni. Under leiing av Håkon Arne Laupsa som og tok seg av søknader ol. Han fekk mykje skryt for god organisering og gjennomføring.

Parkeringsplass og båtopptrekk.

Dugnad vart gjennomført som planlagt 6. juni. Det er no lagt meir treverk på båtopptrekket. Det fungerer etter måten bra, men det er lett å skada dei langsgåande borda ved å køyra på dei. Dette vert det arbeid vidare med komande år.

Heimeside

Det er sett opp ny løysing for heimeside og Tormod har overført alt gammalt innhald til den nye.

Medlemslister

I den første tida fram til sommarferien, vart det arbeidd med gjennomgang og ajourføring av medlemslistene og dugnadslista med dei ulike dugnadslaga.

Det har vore ein del eigarskifte i hyttfeltet og styret vil gjerne ha alle med som medlemmer.

Lars Torpe, skivar

Regnskap for Kyrkjevika Hyttelag 2020

Inngående saldo				54,312.09
Inntekter:		Budsjett	Merknad	SUM
Medlemskontigent, 54 medlemmer a 350,-	14,850.00	18,900.00	43 innbetalinger 2020	
Reklame	2,500.00	5,000.00	Fonnafly har betalt, mangler betaling fra Hamlagrø Hytteservice	
Renter	12.56	30.00		
				17,362.56
Utgifter:				
Heimeside	891.81	420.00	Utlegg Tormod Lunestad	
Årsmøte	2,160.00	2,000.00		
Dugnad og sosialt samver	0.00	2,000.00	Ikke bokførte utgifter	
Merking vinterløype	0.00	5,000.00	Ikke bokførte utgifter	
Styregodtgjersle	0.00	4,500.00	Ikke tatt ut 2020	
Fiskekort	5,400.00	5,400.00		
Andre utgifter	1917.00	1000.00	Interflora (795), gave Øystese Røde Kors Hjelpekorps (1000), omkostninger (121)	
				10368.81
Årsoverskot:				6,993.75
Utgående saldo				61,305.84

Bergen, 7. mars 2021

Bjarte Hellevang
Kassastyrar

Budsjett for Kyrkjevika Hyttelag 2021

Inntekter:		SUM
Medlemskontigent, 54 medlemmer a 350,- + 5 fra 2020	20,650.00	
Reklame	2,500.00	
Renter	30.00	
		23,180.00
Utgifter:		
Heimeside	1250.00	
Årsmøte	2,000.00	
Dugnad og sosialt samver	2,000.00	
Merking vinterløype	5,000.00	
Styregodtgjersle	4,500.00	
Fiskekort	5,400.00	
Andre utgifter	1000.00	
		21150.00
Årsoverskot:		2,030.00

Bergen, 7. mars 2021

Bjarte Hellevang
Kassastyrar

Innstilling frå valnemnda:

Vedtektene § 3 seier dette om val til nytt styre:

Årsmøtet vel leiar for eit år om gongen og resten av styret annakvart år, då for to år om gongen. Slik vert halve styret sitjande frå det eine året til det neste. Leiar vert valt direkte på årsmøte. Resten av styret konstituerer seg sjølv.

Kandidatar til nytt styre frå 2021:

Leiar: Lars Torpe har 1 år att

Styremedlemmer:

Bjarte Hellevang har 1 år att

Åge Melstveit har 1 år att

Harald Matias Madsen nyval, 2år

Tor Henrik Hansen nyval, 2 år

Vidar Torsvik nyval, 2 år

Endre Flotve, 2. mars 2021